

Protokoll frå møte i Vestlandsrådet 2. september 2021

Kl. 09.00 Opning

Møtestad: Bystyresalen i Ålesund Rådhus

Konstituering.

Møteleiar: Marianne Chesak

Deltakarar:

Oversikt over innkalling/forfall/vararepresentantar:

Fylkeskommune	Medlemer/vara
Vestland	Jon Askeland – forfall, ingen vara
Vestland	Natalia Antonia Golis
Vestland	Arve Helle (vara) – møtte for Anne Gine Hestetun
Vestland	Tor André Ljosland (vara) – møtte for Trude Brosvik
Vestland	Silja Ekeland Bjørkly
Vestland	Terje Søviknes – forfall, ingen vara
Rogaland	Marianne Chesak
Rogaland	Solveig Ege Tengesdal
Rogaland	Arne Bergsvåg
Rogaland	Alexander Rügert-Raustein
Rogaland	Ole Ueland – forfall, ingen vara
Rogaland	Margrete Dysjaland
Møre og Romsdal	Tove-Lise Torve, forfall, ingen vara
Møre og Romsdal	Per Vidar Kjølmoen – forfall, ingen vara
Møre og Romsdal	Randi Walderhaug Frisvoll
Møre og Romsdal	Frank Sve – forfall, Anne Marie Fiksdal møtte
Møre og Romsdal	Anders Riise
Møre og Romsdal	Jan Ove Tryggestad

Ut frå dette deltok følgande 13 representantar i møtet:

Vestland:

Natalia Antonia Golis

Arve Helle

Tor Andre Ljosland

Silja Ekeland Bjørkly

Rogaland:

Marianne Chesak
Solveig Ege Tengesdal
Arne Bergsvåg
Alexander Rugert-Raustein
Margrete Dysjaland

Møre og Romsdal

Randi Walderhaug Frisvoll
Anne Marie Fiksdal
Anders Riise
Jan Ove Tryggestad

Administrasjonen i fylkeskommunane:

Ottar Brage Guttelvik - Møre og Romsdal
Inge Smith Dokken - Rogaland
Rune Haugsdal - Vestland (forfall), Thorbjørn Aarethun møtte (fylkeskontakt)

Sekretariatet i Vestlandsrådet:

Dagfinn Aasen
Christian Tollefsen Aasen

Godkjenning av innkalling.

Innkallinga samrøystes godkjent.

Godkjenning av sakliste.

Margrete Dysjaland ønska at det vart protokollert misnøye med at det ikkje på førehand var opplyst om at ein måtte vere vaksinert (ha koronapass) for å sleppe inn på arrangementet «Berekraftsnach» i regi av The North West.

Møteleiar ga utrykk for at Vestlandsrådet ikkje hadde noko med sjølve gjennomføringa av arrangementet å gjere.

Sakslista deretter samrøystes godkjent.

Ordførar Eva Vinje Aurdal ønska velkomen til Ålesund kommune.

Strategi for framtidretta næringsutvikling på Vestlandet

09.30 - 10.30

Gjennomgang av hovudtrekk i Vestlandsrådets eige prosjekt:

«Næringsstrategi for Vestlandet»

- Prosjektleder Ingvill Flo, PwC
- Per Erik Dalen, styringsgruppa, leiar i Ålesund Kunnskapspark

Spørsmål og kommentarar.

10.30 -11.05

Samarbeid og stimulans – nøkkelen til suksess for Vestlandet?

Korleis nyttar Innovasjon Norge sine viktigaste verkemidlar for å stimulere næringslivet på Vestlandet til omstilling og utvikling?

Korleis kan Innovasjon Norge, Vestlandsrådet, dei tre fylkeskommunane og næringslivsorganisasjonane samarbeide for å utvikle og omstille næringslivet på Vestlandet? Kva organisatoriske grep må tas for å få til eit forpliktande samarbeid?

- Innovasjon Norge, v/seniorrådgiver Mari Dorte Jønland Michaelsen

Spørsmål og kommentarar.

11.15 – 12.00

Haukeblikk på «Næringsstrategien for Vestlandet»

Korleis treff Vestlandsrådet utfordringane med den framlagde næringsstrategien?

Kva må til for at Vestlandsrådet og dei tre fylkeskommunane skal lukkast med sitt initiativ?

«Stykkevis og delt», eller må næringsstrategien settast inn i ei større distriktpolitisk heilheitsramme for at Vestlandet som region skal lukkast med næringsutviklinga og det blå/grøne skiftet?

Er det synspunkt og tiltak i «Vestlandsmeldingen 2021» som vil vere serleg viktige i det vidare arbeidet?

- Professor emeritus Victor Norman, NHH – på teams

Spørsmål og kommentarar.

Kl. 12.00 Lunsj

Kl. 12.30 Møte med behandling av saker

VR-sak 14/2021

Protokoll frå møte 19. mai 2021

Fylkeskommunedirektøren legg saka fram med følgande forslag til vedtak:

Protokollen frå Vestlandsrådets møte 19. mai 2021 blir godkjent.

Vestlandsrådets vedtak:

Protokollen frå møte 19. mai 2021 samrøystes vedteke.

VR-sak 15/2021

Næringsstrategi for Vestlandet

Arbeidsutvalet (AU) sitt forslag til vedtak:

1. Vestlandsrådet har følgande merknader og forslag knytta til «Næringsstrategi for Vestlandet»:
- ...
2. Vestlandsrådet vedtek «Næringsstrategi for Vestlandet» - med overnevnte merknader og forslag - og ynskjer å nytte denne som grunnlag for arbeidet med den store omstillinga, som Vestlandet vil stå overfor dei komande åra.
3. Vestlandsrådet ber administrasjonen i kvart fylke om å innarbeide relevante tiltak i sine eigne handlingsplanar og strategiar, og samstundes gjere det tydeleg at dette er utfordringar for heile Vestlandet.
4. Vestlandsrådet vedtek å etablere eit "Næringspolitisk forum for Vestlandet" for aktivt å følgje opp dei delane av strategien som krev felles innsats på tvers av fylka, og utvikle ei felles stemme inn mot sentrale styresmakter på område som ein står samla om.
5. Vestlandsrådet ber fylkeskommunedirektøren om å utarbeide ei sak til Vestlandsrådets møte 25. november 2021 med framlegg til mandat og medlemmar til eit "Næringspolitisk forum for Vestlandet". Det er naturleg at saka også synleggjer administrativ organisering/ressursbehov.

Korte notat frå Vestlandsrådets drøfting i møtet:

(Det kan nemnast at alle som deltok i møtet vart oppmoda om å sende inn eventuelle synspunkt på næringsstrategien og presiseringar på sine innlegg til sekretariatet innen 7/9. Det er kome inn 1 innspel).

Marianne Chesak: Innleia om næringsstrategien, og framhev m.a. at

- Strategien bør bli eit fast punkt/tema i Vestlandsrådets møter.
- Oppfølging blant anna med «Vestlandsbenkane» på Stortinget når de er satt etter valget.

Natalia Golis:

- Ein ide kan vere å jobbe med og følgje opp eitt tema knytta til strategien til kvart møte.
- Vi er det politiske leiarskapet, og må sjølv bidra i å drive utviklinga, ikkje berre legge til rette
- Ønskjer forslag til alternative modellar til korleis ein skal jobbe med strategien, skissere eventuelle valmuligheiter. Kan vere nødvendig å få innspel frå eksterne miljø
- Viktig å anerkjenne internasjonalt samarbeid (EØS)
- Det blir viktig å behandle næringsstrategien aktivt i fylkestinga - korleis forankre strategien i fylkestinga?

Solveig Tengesdal:

- Ønskjelig med beslutningskraft! Vi må skru opp farten.
- Effekten av det som blir vedtatt må kunne målast, viktig å kome fram til omforente indikatorar
- Viktig å ha stor etisk bevisheit m.o.t. berekraft, og fokusere globale trendar slik det står om i strategidokumentet
- Viktig å koble på næringslivet i det vidare arbeidet (NHO, etc.)
- Næringsstrategien bør vere fast sak på alle møter i Vestlandsrådet

Arne Bergsvåg:

- Næringsstrategien oppleves som veldig relevant
- Det blir viktig å kunne vise til konkrete handlingar og resultat
- Vestlandsrådets eigen rolle i den vidare prosessen må avklarast - kva rolle skal vi ta, og kva skal overlates til andre?
- Næringsstrategien må behandlast i fylkestinga
- Korleis unngå konkurranse mellom regionar?
- Gode kommunikasjonar vil vere en nøkkel for å lukkast, eksempelvis må tradisjonelle Vestlandsrådsaker som E39 etc. vere viktige føresetnader framover

Tor Andre Ljosland

- Det grønne skiftet blir svært viktig for Vestlandet, og det er her i Norge vi må lukkast med dette. Grøn omstilling gror fram på alle samfunnsområder. Etisk bevissthet blir svært viktig og er ein aukande trend.

Jan Ove Tryggestad

- Det grønne skiftet blir ein svært viktig premis for næringsstrategien.
- Må drøfte positive føresetnader knytta til EØS-avtalen.
- Hydrogensatsing blir viktig, og må takast omsyn til i budsjettprioriteringar
- Viktig at ein ikkje gløymer strømnettet i diskusjonar om næringsstrategi, som politisk mål, og som pådrivar for grønt skifte.
- Dessutan: viktig at alt skjer Raskt – med Risiko – og Samarbeid!

Det vart dessutan nevnt at Vestland Fylke er kome langt i arbeidet med eigen strategi. I Vestland fylkeskommune vil ein derfor behandle tiltaka på ein slik måte at ein ikkje må gå tilbake på nokon av dei stega som er tatt mtp eigen strategi.

Vestlandsrådets vedtak:

Arbeidsutvalets innstilling samrøystes vedteke.

Vestlandsrådets vedtak er etter dette følgande:

- 1 Vestlandsrådet vedtek «Næringsstrategi for Vestlandet» - med overnevnte merknader og forslag - og ynskjer å nytte denne som grunnlag for arbeidet med den store omstillinga, som Vestlandet vil stå overfor dei komande åra.
- 2 Vestlandsrådet ber administrasjonen i kvart fylke om å innarbeide relevante tiltak i sine egne handlingsplanar og strategiar, og samstundes gjere det tydeleg at dette er utfordringar for heile Vestlandet.

- 3 Vestlandsrådet vedtek å etablere eit "Næringspolitisk forum for Vestlandet" for aktivt å følgje opp dei delane av strategien som krev felles innsats på tvers av fylka, og utvikle ei felles stemme inn mot sentrale styresmakter på område som ein står samla om.
- 4 Vestlandsrådet ber fylkeskommunedirektøren om å utarbeide ei sak til Vestlandsrådets møte 25. november 2021 med framlegg til mandat og medlemmar til eit "Næringspolitisk forum for Vestlandet". Det er naturleg at saka også synleggjer administrativ organisering/ressursbehov.

VR-sak 16/2021

Vestlandsmeldingen 2021

Fylkeskommunedirektøren legg saka fram med følgande forslag til vedtak:

Vestlandsrådet tek saka til orientering, og vil følgje opp viktige sider ved «Vestlandsmeldingen 2021» i samband med vidareføring av arbeidet med Næringsstrategien for Vestlandet.

Vestlandsrådets behandling:

Arne Bergsvåg tok opp følgande:

«Vestlandsmeldingen 2021» kan oppfattast som for politisk på nokre områder. Dette vil bli fanga opp og drøfta dersom konkrete forslag kjem opp til behandling i Vestlandsrådet.

Vestlandsrådets vedtak:

Samrøystes som innstillinga.

VR-sak 17/2021

Interreg/Nordsjøprogrammet

Fylkeskommunedirektøren legg saka fram med følgande forslag til vedtak:

Vestlandsrådet tek saka om Interreg/Nordsjøprogrammet til orientering.

Vestlandsrådets vedtak:

Samrøystes som innstillinga.

VR-sak 18/2021

Møteplanar for 2022

Fylkeskommunedirektøren legg saka fram med følgande forslag til vedtak:

Møta i Vestlandsrådet og Arbeidsutvalet blir haldne slik i 2022:

Vestlandsrådet:

24. februar
28. april
16. juni
08. september
24. november

Arbeidsutvalet (AU):

27. januar
31. mars
19. mai
10. juni
25. august
27. oktober
16. desember

Vestlandsrådets vedtak:

Samrøystes som innstillinga.

VR-sak 19/2021**Eventuelt**

Følgande vart nevnt:

1. Ønskje om streaming av møter.
2. Ønskje om at alle sakspapir blir tilgjengeleg på alle fylkeskommunane sine nettsider. (Og Vestlandsrådet sin).

Kl. 14.00 Møtet avslutta.**Ref v/****Sekretariatet**

Dagfinn Aasen

Christian Tollefsen Aasen